



# Beitekapasitet i utmark

Forfatter

Yngve Rekdal, Norsk institutt for skog og landskap

Sammendrag

Kor mange dyr som kan gå i eit utmarksområde er heilt avhengig av naturvilkåra på staden og kva mål ein har med beitebruken. Døme på mål med utmarksbeiting kan vera å skjømte biologisk mangfald eller ulike landskapskvalitetar, hindre attgroing eller få mest muleg att i form av kjøt. Tilrådd dyretal kan bli ulikt etter kva mål ein legg vekt på. For beitenæring i utmark vil det vanlegaste målet vera optimal produksjon av kjøt, samstundes som ein tek vare på produksjonsgrunnlaget på lang sikt.

Publisert

2010

Referanse

Sau og Geit nr. 6/2010

Utskriftsdato

20.01.2025 [www.fag.nsg.no](http://www.fag.nsg.no)

# Beitekapasitet i utmark



Det er viktig å finne riktig beitetrykk i eit område.

**Kor mange dyr som kan gå i eit utmarksområde er heilt avhengig av naturvilkåra på staden og kva mål ein har med beitebruken.**

Døme på mål med utmarksbeiting kan vera å skjotte biologisk mangfald eller ulike landskapskvalitetar, hindre attgroing eller få mest muleg att i form av kjøt. Tilrådd dyretal kan bli ulikt etter kva mål ein legg vekt på. For beite-næring i utmark vil det vanlegaste målet vera optimal produksjon av kjøt, samstundes som ein tek vare på produksjonsgrunnlaget på lang sikt.

## Beitekapasitet

I dei fleste spørsmål kring beitebruk i utmark vil det vera behov for å seie noko om kor mange dyr det er plass til innafor eit gitt areal. Halde riktig beitetrykk er viktig. Blir beitetrykket for høgt må dyra eta mindre næringsrike planter og tilveksten går ned. For lågt dyretal kan gje attgroing og endring av undervegetasjonen frå grasriksdom til

meir bregner og urter på rik mark eller meir lyng på fattigare areal.

På grunn av det mangfald av faktorar som spelar inn kring husdyr sin beitebruk, og svakt forskingsgrunnlag, er det knytt stor usikkerheit til berekningar av dyretal. Derfor bør ein legge ulike tilnæringsmåtar til grunn når ein arbeider med slike saker. Her skal vi sjå på tre vegar å gå som saman kan gje eit grunnlag for tilråding av dyretal.

- Berekning ut frå ressursgrunnlaget
- Vurdering av avbeitingegrad i vegetasjonen
- Produksjonsresultat frå beitedyr

## Nyttbart beite

Mykje utmarksareal er ikkje eigna som beite for husdyr. Dersom dyra får velje fritt vil dei ikkje bruke desse areala, og blir dei nøydde til å gå her blir det lite tilvekst. Berekning av dyretal per km<sup>2</sup> totalareal seier derfor lite. Det er dyretal per km<sup>2</sup> *nyttbart beite* som viser kva beitetrykk vegetasjonen i eit område blir utsett for. Med *nyttbart beite* meiner ein det arealet som ein kan

rekne med at dyra tek beitegrøde i frå, og som er av betydning for tilveksten. Kor mykje av eit beiteområde som er nyttbart vil variere veldig. Ofte er dette berre halvparten når ein har med større utmarksareal å gjera. Med utgangspunkt i eit vegetasjonstypar kan ein sortere vegetasjonstypane etter kva beiteverdi dei har og dermed koma fram til nyttbar beitevidd.

## Ressursgrunnlag

Oversikt over vegetasjonstypfordeling gir god kunnskap om ressursgrunnlaget for husdyrbeite i eit område. Ut frå det vi veit om beiteverdien til kvar vegetasjonstype kan vi dele desse i tre klassar, *mindre godt*, *godt* og *svært godt beite*. Fordelinga av vegetasjonstypar med ulike beiteverdiar gir igjen grunnlag for å klassifisere heile beiteområdet etter same verdiskala. Eit område dominert av vegetasjonstypar med beiteverdien *godt beite* og der 10-25 % er *svært godt beite*, gjev til dømes områdeverdien *godt beite*. Har vi klassifisert den gjennomsnittlege beiteverdien for området kan vi gå inn i ein tabell som er utvikla for berek-

ning av dyretal. Den vart laga av Aksel Tveitnes i samband med Selskapet for Norges Vel sine beitegranskingar på 40-50-talet. Etterprøving har vist at desse tala er eigna dersom ein legg *nyttbart beite* til grunn.

Tabellen er utvikla for sau der ein kan rekne eit gjennomsnittleg fôrøpptak på 1 fôreining per dyr per dag gjennom beitesesongen i ein flokk med normal fordeling av søyer og lam. For storfe vil fôrøpptaket variere mykje etter kva rase ein har med å gjera, flokksamansetting, alder på dyr m.m. 5 fôreiningar per dag kan brukast for ungdyr av NRF-rase.

Tabellen er berre eigna for store beiteområde på beitelagsnivå. Mindre område med store areal av *svært godt beite* vil gje plass til langt høgare dyretal. På høgtliggande fjellbeite er planteproduksjonen låg slik at her bør tala reduserast litt. I barskogområde med lite hogstflater bør også dyretalet ligge heller lågt i høve til det tabellen viser.

### Avbeittingsgrad

Siste delen av beiteperioden er den mest kritiske med omsyn til beitekapasitet. Dette av di produksjonen av beiteplanter vil variere gjennom sesongen - høgast på forsommaren og gradvis mindre utover hausten. Fôrbehovet til veksande beitedyr vil derimot auke og vera størst mot slutten av beitesesongen. Dette gjer at kravet til beitevidd for kvart dyr også vil auke utover sommaren og hausten. Knappeheit på beite vil derfor først og fremst bli synleg mot slutten av beitesesongen. Ei vurdering av avbeittingsgrad da kan gje ein god indikasjon på beitetrykket. Slik vurdering må gjerast i heile beitet for å gje rett inntrykk, og det må takast utgangspunkt i typar av høg beitekvalitet som har nokolunde jamn forekomst i området. Dette vil òg kunne avdekke kor jamt beitet blir bruka. Det er viktig da det hjelper lite å fastsette dyretal dersom dyra berre brukar delar av beitet.

### Produksjonsresultat

Dersom ein følgjer med i utviklinga av beitebelegg og avdrått år for år, vil ein kunne anta at det optimale er passert dersom avdråtten viser nedgang. For kjøtproduserande dyreslag er vekt eit godt mål på avdrått. Låge vekter eitt år kan ha sin årsak i ugunstige vertilhøve for planteproduksjon



**Beitekapasitet for dyr (samla tal sleppte dyr) på utmarksbeite med eit fôrbehov på 1 f.e. (sau) og 5 f.e. (storfe) per dag. Tabellen er bearbeidd etter Tveitnes (1949).**

Fôrøpptak per dag	Beitekvalitet	Dyr per km <sup>2</sup>	Dekar per dyr
1,0 f.e. (sau)	Mindre godt beite	33 - 54	30 - 19
	Godt beite	55 - 76	18 - 13
	Svært godt beite	77 - 108	13 - 9
5,0 f.e. (storfe)	Mindre godt beite	7 - 11	150 - 95
	Godt beite	11 - 15	90 - 65
	Svært godt beite	15 - 22	65 - 45



For lågt beitetrykk i rik fjellskog er eit stort problem på norske utmarksbeite i dag. Den giftige planta tyrihjelmsbreier og skuggar etter kvart ut beitegraset.



Det dårlege beitegraset finnskjegg kan bre seg ved høgt beitetrykk på fattig mark.

eller trivselen til beitedyra. Dersom låge vekter vedvarar over fleire år vil høgt beitebelegg kunne vera årsaken. Den som tek seg bryet med vegingar undervegs i beiteperioden vil kunne skaffe seg mykje informasjon om beitet.

### Følg med beitedyr og vegetasjon

Norsk natur er mangfaldig, det same er beitedyr sin bruk av vegetasjon og landskap. Uansett kor mykje ein forskar i utmark vil tilpassing av dyretal i stor grad vera avhengig av god lokal kunnskap og godt utvikla skjønn. Best tilpassing av dyretal får ein ved å følge bruken av eige beiteområde, sjå på utviklinga i vegetasjonen og observere vektene på dyr frå beitet over tid.

Atle Mysterud og Gunnar Austrheim har, gjennom si forskning på fjellbeite i Hol og i Setesdalsheiane, fått fram mykje kunnskap for vurdering av beitetrykk i høve til biologisk mangfald. Om dette er mykje å finne på nettsida <http://folk.uio.no/atlemy/>

Tekst og foto: Yngve Rekdal



Lav- og lyngrike skogtypar har så lite beiteplanter at dyra ikkje vil gå her så lenge dei har anna val. Denne vegetasjonstypen blir ikkje rekna som nyttbart beite. I Hedmark er over halvparten av skogarealet av denne typen.

# Sau på Data

## Led-Sau – dataprogram for aktive saueholdere

- Full oversikt over buskapen din, hver søye har kartotek kort med hele livet på et sted.
- Enkel og sikker registrering.
- Slaktedata og indekser hentes fra Internett.
- Henter data fra vekter, PDA og lesestaver.
- Helse - Føring - KSL - prognoser - stamtavle.
- Vi hjelper deg i gang.

Pris kr 1.200,- + mva

## PDA, med og uten RFID-leser forenkler registreringen betydelig.

- Vi har 3 års erfaring med PDA til registrering av opplysninger.
- Kan brukes til registrering av vekter, paring, lamming, scanning, hendelser, behandling, sortering, oppslag m.m.
- Kan sende til Sauekontrollen.

Pris PDA og nødvendig program, fra kr 2.890,- + mva



**LINDHOLT DATA**

-20 år med data så folk forstår det!

For flere opplysninger ring: 62 34 50 05  
– eller besøk vår nettside: [lindholtdata.no](http://lindholtdata.no)